



Fyresdal

KOMMUNEINFORMASJON

Oktober 2024

Frist for bidrag til neste utgåve er
27. oktober. Bidraget sendast til
postmottak@fyresdal.kommune.no.

Fyresdal kommune – sentralbord: 35 06 71 00
Fyresdal barnehage: 35 06 71 80
Gimle skule: 35 06 71 76
Fyresdal bibliotek: 35 06 71 21
Fyresdal helsehus: 35 06 73 00
Fyresdal pleie- og omsorgssenter: 35 06 71 67
E-post: postmottak@fyresdal.kommune.no
Nettside: www.fyresdal.kommune.no

Innhald

I oktober skjer mellom anna dette	3
Informasjon frå Fyresdal legekantor	5
Opningstid og telefontid	5
Legevakt.....	5
Akutt medisinsk nødtelefon	5
Telefonkontakt med lege	5
Prøvetaking og svartid	5
Kontaktinformasjon til apoteket i Kviteseid	5
Diverse anna kontaktinformasjon.....	5
Politiske vedtak.....	6
Vedtak i Formannskapet 11.09.2024.....	6
Vedtak i Hovudutvalet for plan og miljø 12.09.2024.....	6
Vedtak i Frivilligsentralstyret 18.09.2024	7
Vedtak i Ungdomsrådet 18.09.2024	7
Vedtak i Kommunestyret 19.09.2024	7
TV-aksjonen 2024.....	9
Informasjon frå kultur og oppvekst.....	10
Informasjon frå Fyresdal folkebibliotek.....	10
Meiroppe bibliotek.....	13
Eldredagen i Fyresdal	15
Ungdomsklubb og juniorklubb	15
Drømmestipendet	16
Utleige av mobil scene.....	17
Informasjon om kontingentkassa	18
Søknadsskjema for kontingentkassa.....	19
Informasjon frå helse og omsorg.....	20
Psykisk helse og rus.....	20
Omsyn ved besøk til POS	20
Dagaktivitetstilbod på POS	21
Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga	21
RPH – Rask Psykisk Helsehjelp.....	21
Lokalbutikkar på besøk på POS.....	22
Temakveld om demens	22
Nytt frå Fyresdal frivilligsentral hausten 2024	23

Flexiruter	24
Informasjon frå Folkestadbyen	27
Sparebanken Sør.....	27
Galleri Merleyn	27
Fyresdal Dyreklinikk	28
Oleas Hus	28
Kafé Hvelvet	29
Sporten Fyresdal.....	29
Maria Frisør	29
Fyresdal Manufaktur og Leiker	29
Groven Fitness.....	29
Wenches terapi	29
Heimleg	29
Informasjon frå Fyresdal Turlag	30
Diverse informasjon frå lag, organisasjonar, næringsdrivande og private.....	31
Tømrer Pål Kjetil Kiland	31
Sjå deg attyi 2023.....	31
Fjellgardsmat – Elin Skålid.....	31
Vevkjerringane tar imot sengetøy	31
Ved til sals – Hans Magne Breivik	31
Kasia Piatek – Miss Flower	32
Aasbak Service og Utleie	32
Jan Erik Klausen.....	32
Totak AS – turbuss.....	32
Bullseye Dartklubb.....	33
Nedrebø Maskintjenester	33
UFS Service og Vedlikehold	33
Bondal Motor	34
Tømrar Lars Ola Solberg.....	34
Hyttevaktservice.....	34
Smylefår	34
Hesteventyr	34
Allidrett for barn/barneidrettsskolen 2024/2025	35
Songkveld på Betel.....	36
Foredrag med Anders Norstad	37
Basar i Kleivgrend.....	37

Krossli Singel og Sand.....	38
Førsdal Bygdekor	38
Aketun Fisk.....	39
Bygg og Låseservice	39
Tømrar Erik Midtbø.....	39
Lift-utleige – Dag Helge Strånd	39
Våmur Bygg.....	39
Service på Jonsered motorsager	39
Dyrud Elektro.....	39
Flishogger leies ut – Gjermund Bergsland.....	39
Telemarklam.....	39
Avtraumatisering – Stein Lund Halvorsen	40
Mitek	40
Via Ferrata Telemark	41
Landhandlarenens skattekamer	41
Utleige av Eldhuset på Skrede og Fagerdalen Fjellhytte	41
Skrammel og skrot – Hauggrend grendelag.....	42
Sliping av knivar – Dag Birger Lie	42
Vest-Telemark Design	42
Momrak Verkstad.....	43
Joker Fyresdal.....	44
Best Fyresdal.....	45
Informasjon frå kyrkja i Fyresdal	46

I oktober skjer mellom anna dette

- 01. Meirope bibliotek – meir info side 13
- 01. Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga (dametrim) – meir info side 21
- 01. Tur til Øynuten i regi av turlaget – meir info side 30
- 01. Allidrett/barneidrettsskule: Tur – meir info side 35
- 01. Fyresdal Barnegospel på Betel – meir info side 46
- 02. Onsdagskafé på frivilligsentralen – meir info side 23
- 02. Juniorklubb på kulturhuset – meir info side 15
- 02. Ope møte på Gimle i samband med prosjekt stadnamnregistrering – meir info side 36
- 02. Songkveld på Betel i regi av Fyresdal Pinsemenighet – meir info side 36
- 02. Dart på Gardar – meir info side 33
- 03. Tur til Igletjønnuten i regi av turlaget – meir info side 30
- 03. Markering av eldredagen – meir info side 15
- 04. Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga (barsel-/graviddtrening) – meir info side 21
- 04. Ungdomsklubb på kulturhuset – meir info side 15

- 04. Basar i Kleivgrend – meir info side 37
- 04. Dart på Gardar – meir info side 33
- 06. Gudsteneste i Moland kyrkje – meir info side 46
- 07. Måndagskafé på frivilligsentralen – meir info side 20
- 07. Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga (herretrim) – meir info side 21
- 08. Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga (dametrim) – meir info side 21
- 08. Tur i regi av turlaget: Libakkane og Sitje – meir info side 30
- 08. Ungdomskveld på Betel – meir info side 46
- 09. Onsdagskafé på frivilligsentralen – meir info side 23
- 09. Dialogmøte på frivilligsentralen med ordførar Erik Skjervagen – meir info side 23
- 09. Dart på Gardar – meir info side 33
- 11. Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga (barsel-/gravidtrening) – meir info side 21
- 14. Måndagskafé på frivilligsentralen – meir info side 20
- 14. Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga (herretrim) – meir info side 21
- 15. Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga (dametrim) – meir info side 21
- 15. Rundtur i Momraksgrend i regi av turlaget – meir info side 30
- 15. Allidrett/barneidrettsskule: Motorisk trening – meir info side 35
- 15. Fyresdal Barnegospel på Betel – meir info side 46
- 16. Onsdagskafé på frivilligsentralen – meir info side 23
- 16. Juniorklubb på kulturhuset – meir info side 15
- 16. Dart på Gardar – meir info side 33
- 18. Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga (barsel-/gravidtrening) – meir info side 21
- 18. Ungdomsklubb på kulturhuset – meir info side 15
- 18. Dart på Gardar – meir info side 33
- 20. Gudsteneste i Moland kyrkje – meir info side 46
- 20. TV-aksjonen 2024 – meir info side 9
- 21. Måndagskafé på frivilligsentralen – meir info side 20
- 21. Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga (herretrim) – meir info side 21
- 22. Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga (dametrim) – meir info side 21
- 22. Tur til Birtedalen og Birtevatn i regi av turlaget – meir info side 30
- 22. Allidrett/barneidrettsskule: Innebandy – meir info side 35
- 22. Ungdomskveld på Betel – meir info side 46
- 23. Onsdagskafé på frivilligsentralen – meir info side 23
- 23. Juniorklubb på kulturhuset – meir info side 15
- 23. Dart på Gardar – meir info side 33
- 24. Foredrag med Anders Norstad på Fyresdal kulturhus – meir info side 37
- 24. Årsmøte i Fyresdal bygdekvinnelag – meir info side 40
- 25. Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga (barsel-/gravidtrening) – meir info side 21
- 25. Ungdomsklubb på kulturhuset – meir info side 15
- 27. Gudsteneste i Veum kyrkje – meir info side 46
- 28. Måndagskafé på frivilligsentralen – meir info side 20
- 28. Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga (herretrim) – meir info side 21
- 28. Bibliotektreff med høgtlesing – meir info side 23
- 29. Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga (dametrim) – meir info side 21
- 29. Besøk på POS av lokalbutikkar – meir info side 22
- 29. Rundtur på Veum (Veum - Gjerlid) i regi av turlaget – meir info side 30
- 29. Allidrett/barneidrettsskule: Handball – meir info side 35
- 30. Onsdagskafé på frivilligsentralen – meir info side 23
- 30. Juniorklubb på kulturhuset – meir info side 15
- 30. Dart på Gardar – meir info side 33

Informasjon frå Fyresdal legekantor

Opningstid og telefontid

Legekantoret held ope måndag-fredag kl. 08.00-15.30. Telefontid er kl. 08.30-15.00.
Telefon 35 06 73 00.

Legevakt

Alle som har behov for legehjelp på legevakt MÅ ringe det nasjonale legevaktsnummeret 116 117. Arendal legevakt tar imot samtala og vurderer behov for legehjelp og hastegrad. Ved behov blir legen som har vakt i Fyresdal kontakta og møter innringaren til konsultasjon. Legevaktskantoret er på POS, men det er IKKJE høve til å møte direkte opp der. Alle førespurnader skal gå via 116 117.

Akutt medisinsk nødtelefon

Ved behov for øyeblikkelig hjelp, ring 113.

Telefonkontakt med lege

Ved ynskje om telefonkontakt treng legen opplysningar om årsaka til førespurnaden. Dette for å gjere ei best mogleg vurdering i høve til hastegrad på tilbakemeldinga. Legen ringer tilbake ved fyrste moglege høve, men ikkje nødvendigvis same dag. Telefonkontakt blir belasta som konsultasjon.

Prøvetaking og svartid

Ulike prøver, som t.d. CRP og urinprøve, må avtalast med lege i forkant. Svartid frå lege på e-resept og e-melding er inntil 5 arbeidsdagar.

Kontaktinformasjon til apoteket i Kviteseid

Adresse:

Garverivegen 10, 3850 Kviteseid

Telefon:

35 06 88 80

E-post:

kviteseid@apotek1.no

Diverse anna kontaktinformasjon

Pasientreiser: 05515

Rustelefonen: 08588

Mental Helses hjelpetelefon: 116 123

Kirkens SOS: 22 40 00 40

Alarmtelefonen for barn og unge: 116 111

Politiske vedtak

Vedtak i Formannskapet 11.09.2024

PS 35/24 Lønsforhandling - Kommunedirektøren 2024

Tillegg på årslønn for kommunedirektør vert kr 60 000 frå 01.05.2024.

PS 36/24 Søknad om etablerartilskot - Høgde AS

Fyresdal kommune løyver kr 40 000,- i etablerartilskot til HØGDE AS, org.nr 933 849 546. Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond, som etter løyvinga har ein saldo lik kr 481 583,-.

PS 37/24 TV-Aksjonen NRK – Barnekreftforeningen

Fyresdal kommune løyver kr 20 000 i økonomisk støtte til TV-aksjonen NRK 2024 – Barnekreftforeningen. Løyving frå formannskapet sin disponible konto, 1112 470.

PS 38/24 Søknad om tilskot til kjøp av mjølkekvote frå Haflingerhoff - Fyresdal DA

Fyresdal kommune løyver kr 90.000,- i tilskot til eigarane av Håsum 52/21, John Bras og Dorine Mulder til kjøp av mjølkekvote på 28.474 liter. Løyving frå konto 1410 470, næringsfond. Tilskotet utbetalast etter gjeldande reglar for bruk av næringsfondsmidlar.

PS 39/24 Haasum - framtida for kommunens parsellar

Saka sendast til kommunestyret for endeleg avgjerd.

PS 40/24 Saksframlegg søknad tilskot NM Dragrace og street legal 2024

Fyresdal kommune ser det som positivt at Fyresdal Motorsportklubb tar på seg å arrangere Dragrace i Fyresdal, og på den måten set fokus på Fyresdal som ein arrangementsplass også for motorsport. Fyresdal kommune gjev eit tilskot på kr 60.000,- til Fyresdal Motorsportklubb med løyving frå formannskapet sin konto 1112.470.

PS 41/24 Saksframlegg søknad om kjøp av printer

Fyresdal kommune støttar innkjøp av printer med 30%, det løyvast 7500 kroner til investeringa. Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond med saldo 502 667 per 1. september.

PS 42/24 Saksframlegg søknad om tilskot frå Næringsfondet - fjell og tunellsikring

Fyresdal kommune løyver 40 000 i etablerer tilskot til Fjell og tunnelsikring AS (933 756 858). Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond med saldo NOK 502 667 per 1. september.

Vedtak i Hovudutvalet for plan og miljø 12.09.2024

PS 32/24 2. gongs behandling/vedtak - Reguleringsendring Molandsmoen industri- og friluftsområde

I samsvar med plan- og bygningslova §12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

Reguleringsendring for Molandsmoen industri- og friluftsområde med tilhøyrande føresegner blir vedteken, med dei endringar som er foreslått i konklusjonen.

PS 33/24 Dispensasjonssøknad etablering av gråvatnanlegg g/br.nr 26/61, Vikskog

I medhald av Plan- og bygningslova § 19-2, blir det gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for Vik skog, del av 26/10, til å etablere eit gråvassanlegg slik det er søkt om. Omsynet bak planen blir ikkje sett vesentleg til sides og ein ser at fordelane knytt til mellom anna forhindring av forureining er såpass positiv at ein dispensasjon gir meir fordelar enn ulemper.

PS 34/24 Søknad om bruksendring på driftshytte, Finndalen Austhei beitelag - gbnr. 66/24

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel, for bruksendring av hytte på gbnr. 66/24, frå driftshytte til fritidshytte som omsøkt. Villkåra for å kunne gje dispensasjon er tilstades og vil ikkje føre til noko fysisk endring i området.

Matrikkel oppdaterast etter vedtak.

Vedtak i Frivilligsentralstyret 18.09.2024

PS 6/24 Referatsaker

Behandling i Frivilligsentralstyret

- Anne Lise har fått i oppgåve å arbeide med onsdags-/språkkafé, bildekveld på biblioteket, konsert for familiar og folkeverkstaden.
- I tillegg skal Anne Lise jobbe med å finne ut om det er interesse til arrangere jolekveld 2025.
- Skal halde fram med å jobbe med referatsakene.

Vedtak i Ungdomsrådet 18.09.2024

PS 12/24 Referatsaker

Behandling i Ungdomsrådet

- Søknad om fritak frå Mathilde Rinden, når den er vedtatt av kommunestyret kan ungdomsrådet konstituere seg.
- Ingen merknadar til protokoll frå siste møte.
- RS 21/24 Kursing av ungdomsråd i regi av KS - Alle kan, Hannah frå Bø til Seljord. Kristian, Tarjei, Håvard og Malin. Hilde sjekkar med Oda og Ingrid, og melder på.

Vedtak i Kommunestyret 19.09.2024

PS 60/24 Referatsaker

Behandling i Kommunestyret - 19.09.2024

Orientering frå kommunedirektøren:

- Ny kommunalsjef helse og omsorg, Anne Veum, har starta i stillinga.
- Nytt system for møtebehandling og Web-TV.
- Status på turistsesongen i Hamaren aktivitetspark - besøkstal på høgde med fjoråret og inntekter frå parkering osv. har passera ein million kroner.
- Ny kommuneoverlege startar 1. november.
- Utbygging av Århusjordet - oppstartsmøte 27. september med Haugsjø as som skal utføre arbeidet.

- Samfunnshuset - klage til KOFA.
- Administrasjonen har starta budsjettprosessen for 2025.

Tore Metveit:

Kvifor vart ikkje lokale entreprenørar invitert til anbuds konkurranse på utbygginga av Århusjordet? Politiske signal var at det skulle brukast lokale entreprenørar.

Kommunale vegar er i dårleg forfatning og det er snart slik at skuletransport vert stoppa.

Det er viktig at både administrasjon og politisk nivå øver press på fylkeskommunen for å oppretthalde trykket på utbedring av FV 355.

PS 61/24 Søknad om kjøp av tomt og tilleggsareal 38/62

Kenneth Johannessen får kaupa tomte Sitjevegen 23 g/br.nr. 38/62, ca. 970 m², samt ei tilleggstomt på ca.187 m². Det er ein forutsetning at tilleggstomta blir samanslått med 38/62. Endeleg areal vert avgjort når oppmåling er gjennomført. Pris er kr.25,-/m² pluss kostnader knytt til oppmåling og tinglysing. Kommunedirektøren får fullmakt til signere kaupkontrakt.

PS 62/24 Val av medlemmar til trafikksikkerheitsutvalet 2024-2027

Politisk valde medlemmer til trafikksikkerheitsutvalet følgjer kommunestyreperioden.

Medlemmer for perioden 2024-2027:

- Representant for barn og unge - Gunn Marit Aslestad
- Representant for hovedutvalg for plan og teknikk - Tore Metveit
- Representant for råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne (REMNF) - Janne L. Teksle

PS 63/24 Retningslinjer sal av kommunale næringstomter

Fyresdal kommunestyre vedtek «retningslinjer sal av kommunale næringstomter» slik dei ligg føre.

PS 64/24 Tilbod om kjøp av tomter – Moghusfeltet

Fyresdal kommunestyre kjøper arealet omfatta i reguleringsplan Moghusfeltet. Kommunestyret løyver kr. 1.610.000,- til kjøp av arealet, kjøpet vert finansiert ved låneopptak.

PS 65/24 2. gongs behandling/vedtak - Reguleringsendring Molandsmoen industri- og friluftsområde

Reguleringsendring for Molandsmoen industri- og friluftsområde med tilhøyrande føresegner blir vedteken, med dei endringar som er foreslått i konklusjonen.

PS 66/24 Søknad om fritak fra verv som leder for ungdomsrådet – Mathilde Rinden

Mathilde Rinden får varig fritak frå vervet sitt som leiar og medlem av ungdomsrådet i Fyresdal kommune.

PS 67/24 Søknad om midlertidig fritak frå politiske verv - frå 11.09.2024 til 01.09.2025

Anders Bergsland får midlertidig fritak frå alle politiske verv i Fyresdal kommune frå 19.09.2024 til 01.09.2025.

PS 68/24 Haasum - framtida for kommunens parsellar

Det blir opna for sal av tilleggsjord men oppstyking av parsellar er ikkje aktuelt. Pris pr. parsell må vurderast i kvar enkelt sak.

TV-aksjonen 2024

Årets TV-aksjon går til Barnekreftforeningen

Barnekreftforeningen er tildelt TV-aksjonen NRK i jubileumsåret 2024. For pengane skal det etablerast familiehus nær sjukehusa i Tromsø, Bergen, Trondheim og Oslo der alvorleg sjuke barn kan vere saman med sin familie. Aksjonsdagen er 20. oktober.

Dette er Barnekreftforeningen

Barnekreftforeningen er ein sjølvstendig, landsdekkande og frivillig organisasjon som blei etablert i 1982. Foreininga har 6000 medlemmer fordelt på 13 fylkeslag, 300 tillitsvalte og 17 tilsette. Formålet er å bekjempe barnekreft og gi støtte til familiar som blir ramma av barnekreft.

Vil du bidra på TV-aksjonen?

Vi ynskjer deg som bøsseberar søndag 20. oktober!

Som tidlegare år har vi fleire ruter, så du kan velje kor du vil gå.

Ring Fyresdal kommune på 35 06 71 00 for å melde deg til innsats!



Sjå meir på tvaksjonen.no.

Informasjon frå kultur og oppvekst

Informasjon frå Fyresdal folkebibliotek



Velkomen innom for dagens avis, vekeblad og tidsskrifter. Har du bokynskje som ikkje finst i samlinga, kan vi i regelen skaffe desse frå andre bibliotek. På **nettsida** til Vest-Telemarkbiblioteka kan du logge deg inn for å finne eller fornye bøker. Du kan også besøke "Fyresdal bibliotek" på Facebook.

Informasjon rundt meirope bibliotek finn du lenger ned! ☺

Skjønnlitteratur vaksne

Arlt, R	Sju galningar	Mostue, S	Skyggefolket
Baugstø, L	Evil grandma	Nesbø, J	Kongen av Os
Bjøranger, T	Den ingen ser	Nistad, S A	Ildveien -fra krigen i Finnmark og på Nordkalotten
Blad, H P	Den unge kvinnen	Nygårdshaug, G	Afrodites basseng
Boulos, M S	Jeg kan ikke se mor noe sted	Nygårdshaug, G	Chimera: øko-thriller
Cleeves, A	Den evige hvile	Nygårdshaug, G	Himmelblomsttreeet
Cleeves, A	Stormen herjer	Nygårdshaug, G	Mengele Zoo
Cook, K	Mørkets sang	Nygårdshaug, G	Zoo Europa
Engman, P	Skammens vei	Nylund, K	De trøsteløse
Enriquez, M	Farene ved å røyke på senga	Ohlsson, K	Kristuskransen
Erikson, C	Lykkens øy	Raad, I	Det vi ikke sa
Garza, C R	Ikke med meg	Raad, I	Jenta jeg en gang var
Ginzburg, N	Alle våre gårsdager	Reyes, D	Miseria
Grimstad, T H	Alvoret	Riley, L	Skjult skjønnhet
Grisham, J	Tid for nåde	Rønning, M C M	Det tolvte huset
Hammad, I	Gjenferdet inn	Sattouf, R	Fremtidens araber
Jarl, K	Der du en gang gikk	Semb, J	Flukten
Johansen, E B	Hat og kjærlighet	Shearer, E	Elven synger deg hjem
Johansen, E B	Sitt sanne jeg	Stelling, A	Som man roper i skogen
Kafka, F	Tapte fragmenter	Strøm, A K	Mennene – en historie om dating
Knudsen, C	Kvinner jeg ikke har kjent	Tandberg, V	Hestedagboken
Lane, S	Den greske datteren	Thommesen, K	Djaveløya
Linneberg, A	Bare om Arnold Busk, fortalt av han selv	Torvund, H	Løyndomsfuglar – patafysisk fuglebok
Lund, B	Velkommen til arbeidslivet – slik overlever du åpne landskap og møter som aldri slutter	Qvenild, M	Edens hus
Mansell, J	Lov meg det	Vahr, E	Bakeriet i Brooklyn
Markusson, A	I skyggen av Monte Stello	Vahr, E	Reisen til Idle Hour
Meyer, A M	Ensomme netter	Vernes, J	Jorda rundt på 80dagar
Mirkovic, K	Divnas bok	Yan, L	Dagen da solen døde
Morgan, S	Sommerdrømmen	Aanestad, I Z	Ida i Italia
		Østby, H	Jeg elsker Dickens

Faglitteratur voksne

Arendt, H	Totalitarismens opprinnelse	Kasin, M B	Naturparadokset
Berge, B	Lukt: fortellingen om en falmet sans	Kjøs, P	Du kan få det bedre
Bromark, S	Tyrkia: landet mellom to verdener	Klein, N	Dobbeltgjenger
Deila, M	Robust: 6 konkrete steg til å tåle en trøkk og våge å leve	Kristjansson, M	Pabbi – en familiesaga om drukkenskap
Deleuze, G	Film 1: Bevegelse-bildet	Lossius, H	Håp er det du gjør: historier fra Palestina og de greske flyktningleirene
Elling, L	Ved porten til stillhetens skog	Mehlum, L	Selvmondsforebygging i skolen
Ersland, B A	Første klasse – bokstavene	Mjelde, C	Bli klokere på barnet ditt – en praktisk guide til trygge barn med god selvfølelse
Evjemo, E H	Mushaga Bakenga – flukt, mirakler og fotballens råskap	Raja, A Q	Vår ære og vår frykt
Fastvold, V	De ubetydelige – historier fra et skjult arbeidsliv	Sjønsby, N M	Gi meg alt hva du kan
Godal, J B	Om det å lafte: Frå fortid til framtid	Stavrum, K J	Uhørt! Angsten for det frie ord
Godal, J B	Om det å lafte: Handverk, logikk og prosess	Stokstad, L	Blodsukkermagi – oppskrifter for hele familien
Hamran, T	Hybridkrig – russisk aggressjon setter Norge på prøve	Thoresen, K F	De døde på Blodveien
Hansen, A	Uante krefter	Tunstad, E	Å elske et insekt
Hauan, M A	Kjønn i isen	Warholm, L M	Robuste barn
Heian- Engdal, M	Et Gaza-liv	Wolasmal, A	Tusen dager med Taliban
Herven, S	Hegel	Aagre, W	Anna Rogstad – kampen for en mer praktisk skole
Hjelmås, H A	Klompelompe: Nye favoritter		

Skjønnlitteratur barn og unge

Adichie, C N	Mammas nattskerf	Nilsen, M	Hiv og hoi!
Alaei, N	På en betingelse	Næss, J C	Grøt i hodet
Arcanjo, J J	Crook Haven - Den glemte labyrinthen	Peacock, L	Teo og de trøblete tingene
Bjærbo, L	Stygge jenter	Pilkey, D	Kaptein Supertruse og de drittleie doene
Brandis, K	Woodwalkers – Carags forvandling	Pøyhønen, J	Fanta og baby Miu – om å få søsken
Bringsværd, T Å	Tambar begynner på skolen	Pøyhønen, J	Fanta og følelsene – følelsesmestring for barn
Bringsværd, T Å	Tambar har bursdag	Pøyhønen, J	Fanta og dovendyret – stressmestring for barn
Bringsværd, T Å	Tambar og harepusene	Reid, C	Mikko og den store røde potta
Bross, H	Lesehunden	Spinelli, E	Noras ark
Bross, H	Redd fuglen!	Steinholm, M	Ikke akkurat Lykke
Bross, H	Vi vinner!	Svingen, A	Dødens maske
Chbosky, S	Perks of being a wallflower	Timgren, K	Fra og med nå
Child, L	P for problemer	Timgren, K	Uansett hva som skjer
Donaldson, J	Pingvald Bøylin	Walliams, D	Kodenavn Bananas
Estes, M	Hva er der oppe?	Widmark, M	Detektivmysteriet
Grande, M	Ringene	Widmark, M	Karnevalsmysteriet
Hallberg, L	Dyra flytter inn	Widmark, M	Safranmysteriet
Handford, M	Hvor er Willy? I Hollywood	Widmark, M	Skolemysteriet
Holowaty, L	Enhjørning Peppa	Widmark, M	Svømmeknappmysteriet
Kodachi, U	Boruto – Stupid old man	Alt du trenger å vite om katter og kattunger	
Kodachi, U	Boruto – Ao	Jeg er meg! Min meg! En bok om kropp, ode og vonde følelser, ulovlige hemmeligheter	
Krusvaal, C	Rødhette og ulven	Peppa blander farger	
Lindgren, A	Pelle finner en ønskestein	Paw patrol – Alle labber på dekk	
Lindmo, A K	Forbannelsen i Trollskog	Paw patrol – Valpene redder byen	
Lylian P D	Kjempene - Yatho	Paw patrol – Valper på glattisen	
Francis, S	Frost – Noe å feire		
Marsoli, L A	Oppdrag Nemo		
Nicolaisen, F	Lørdag med pappa		

Faglitteratur barn og unge

Dragland, L	Hvem i luften	Mæland, I F	Dumper
Durenfeldt, M	Verdens største	Mæland, I F	Bulldoser
Fiore, M C D	Simon lager mat selv	Mænnikkø, L	Hemmelig agent 24 – gutten fra Rjukan
Flesvig, H	Herman – historier fra en udiagnostisert oppvekst	Romero, L	September 11
Green, R	Monstermaskiner	Snashall, S	Hunder og valper
Kjetun, M	Søt og farlig	Taplin, S	Dyreungelyder
Kjetun, M	Verdens rareste	Den store boken om Super Mario	
Lindahl, L	Farlig oppdrag – en sann historie fra andre verdenskrig	Minecraft boken – Tips og triks	

Dikt og skodespel

Adalsteinn, A S	Sumarmåne	Qaka, S	Bestemors bok
Konupek, M	Ugress&omstendigheter	Villanger, A	Begynnelsen er nær
Midre, M	Folketelling	Aas, M	Eg er Ekko
Pedersen, T R	Sangbok for vanføre		

Opningstider:Bemanna:

Tysdag kl. 10.00-15.30
Onsdag kl. 14.00-20.00
Torsdag kl. 12.00-15.30
Fredag: kl. 10.00-15.30

Sjølvetent:

Tysdag kl. 08.00-22.00
Onsdag kl. 08.00-20.00
Torsdag kl. 08.00-20.00
Fredag kl. 08.00-20.00
Laurdag kl. 12.00-22.00
Søndag kl. 12.00-22.00

E-post

kari-kristina.eidam@fyresdal.kommune.no
biblioteket@fyresdal.kommune.no

Telefon:

35 06 71 21

Nettside:

<https://vest-telemarkbiblioteka.arena.axiell.com/>

Du kan også levere bøker i den svarte kassa utanfor inngangen.

Meiroke bibliotek

Frå 1. oktober startar vi opp med 'meiroke bibliotek'.

Utstyret er no på plass, og lånarane over 16 år kan inngå ei **skriftleg avtale** med biblioteket om å bruke biblioteket utanom betent opningstid.

Lånarane kan då **låse seg inn** med eit nasjonalt bibliotek kort.

- Pin-koden kan endrast på biblioteket.
- Ved tapt kort kan vi registrere eit nytt lånekort på deg.

Ved sida av døra står no ein **låneautomat**.

- Her kan du levere bøker ved å skanne dei og putte dei i leveringshylla ved sida av.
- Du kan også låne bøker når du loggar deg inn med bibliotek kortet ditt og skannar strekkoden.
- Strekkoden du må skanne er vanlegvis fremst på innsida av boka.

Føresette kan ha med seg **barn** under 16 år og må då vere saman med dei på biblioteket.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
<i>Meiroke</i>	Stengt	08.00-10.00	08.00-14.00	08.00-12.00	08.00-10.00		
<i>Betjent (som før)</i>	Stengt	10.00-15.30	14.00-20.00	12.00-15.30	10.00-15.30		
<i>Meiroke</i>	Stengt	15.30-22.00	20.00-22.00	15.30-22.00	15.30-22.00	12.00-22.00	12.00-22.00



Avtale om tilgang til MEIROPE BIBLIOTEK

Velkommen som brukar av meirope bibliotek i Fyresdal folkebibliotek!

Avtala gir tilgang til meirope bibliotek utanom betent opningstid.

Du kan låne/levere bøker på sjølvbeteningsautomaten ved inngangsdøra.

Retningslinjer:

- For å få tilgang til meirope bibliotek må du ha fylt 16 år.
- Lånekortet er personleg og skal berre nyttast av deg. Andre kan ikkje sleppast inn.
- Føresette kan ha med seg barn under 16 år og må vere saman med dei på biblioteket.
- Mista/stole kort må meldast til biblioteket.
- Vis omsyn til andre, hald orden og ta vare på biblioteket ditt.
- Vindauge og nødutgangen haldast lukka.
- Opphald i meirope bibliotek skjer på eige ansvar.
- Ved brannalarm må bygget forlatast umiddelbart.
- Forlat lokalet når det kjem beskjed om at det stenger over høgtalaren.
- Brot på retningslinjene kan føre til at du mistar tilgang til meirope bibliotek.
- Det er kameraovervaking i biblioteket. Hærverk meldast til politiet.

Eg har lese retningslinjene og godteke dei:

Dato: _____ Lånenummer: _____

Namn med blokkbokstavar: _____

Signatur: _____

Eldredagen i Fyresdal

Fyresdal pensjonistlag markerer eldredagen i Fyresdal torsdag 3. oktober kl. 15.00 på kulturhuset.

Vi startar med førestillinga «Best før, ofte god etter» i storsalen. Etter førestillinga blir det servering av kaker og kaffi i veslesalen.

Alle eldre er varmt velkomne!

Arrangementet er eit samarbeid mellom Fyresdal kommune og pensjonistlaget, med økonomisk bidrag frå kommunen.



Teater Ibsen – Best før, ofte god etter – Kortreiste tankar om musikk utan utløpsdato

I «Best før, ofte god etter» tar skodespelaren Iver Bjurgren oss med på ein leiken og humoristisk odysse inn i meininga med livet, aldringa, havet, kjærleiken og alt anna han ikkje forstår, i eit forsøk på å gjere stand up mens han framleis kan stå, berre i fylgje med sitt aldrande sjølv, sin gitar, og ein mikrofon.

Kor moro er det eigentleg å bli eldre? Når tyngdekrafta overvinn kroppen, og avstanden mellom korleis du føler deg og korleis du ser ut er i ferd med å bli uforklarleg stor. Når blir ein eigentleg gamal? Kan ein forresten seie det om gamle menneske, at dei er gamle?

Arrangør: Fyresdal pensjonistlag og Fyresdal kommune

Ungdomsklubb og juniorklubb



Juniorklubben er open alle onsdagar i oktober, utanom i haustferien.

Ungdomsklubben er open alle fredagar i oktober, utanom i haustferien.

Drømmestipendet

Kontaktperson i Fyresdal: Hilde Martini Momrak, hilde.momrak@fyresdal.kommune.no, 95 27 09 05



Drømmestipendet 2025

30 000 kr

til 50 kunst- og kulturutøvere mellom

18-25

som ønsker å realisere sine drømmer!

Søk Drømmestipendet i kategoriene dans, musikk, sirkus, skapende skriving, teater, visuell kunst og åpen klasse

Søknadsportalen åpner 15. september 2024.
Les mer og søk på www.drommestipendet.no

Søknadsfrist: **15. november 2024 klokken 12:00**

*Drømmestipendet er et samarbeid mellom
Norsk kulturskoleråd og Norsk Tipping*





Utleige av mobil scene

Fyresdal kommune har mobil scene til utleige.

Den er kjøpt inn for at vi skal ha glede av den i Fyresdal, men den blir også leigd ut ein del til andre kommunar, og her er det etter kvart blitt stor etterspurnad.

Vi vil oppmode alle i Fyresdal til å leige scenen, slik at vi ikkje ender opp med å administrere ei mobil scene som i hovudsak blir nytta andre stader.

Det kostar berre kr 3 000,- for bruk i Fyresdal (dette er veldig billig). Scenen blir frakta til staden og montert klar til bruk. Leigetakar må stille med ein person som hjelper til med opp- og nedrigg.

Det er Equitrans som driftar scena for Fyresdal kommune.

Scenemål:

- Breidde: 8 m
- Djupt: 6 m
- Høgde mellom golv og tak: 4 m
- 48 kvadratmeter
- Scenegolvhøgde: 1 m
- Total høgde: 5,5 m
- «Vindnet» inndekning bak og på sidene
- Vinnduk i front av scenegolv
- Gelender
- Trapp
- "Gangstercaps" i front av tak
- 2 scenemoduler 30 cm
- 2 scenemoduler 60 cm
- Scenetakets bæreevne er 800 kg.
- Kraftig sveivesystem for å løfte opp taket.
- 50 mm trosserør i taket.

Er du interessert i leige, tak kontakt med Tarjei Skålid i Equitrans på mobil 99 58 29 70.

Helsing kulturavdelinga

Informasjon om kontingentkassa

Fyresdal kommune innførte denne ordninga i 2019. Etter ei evaluering blei det bestemt å vidareføre ordninga. Ordninga er eit tiltak mot barnefattigdom.

Søknadar handsamast etter kvart som dei kjem inn (ingen søknadsfrist), og midlane delast ut til kassa er tom. Ordninga administrerast av avdeling kultur, kontaktperson er Hilde Martini Momrak.

For kven:

Barn og unge i alderen 6 år til dei er ferdige med vidaregåande skule, som kjem frå familiar med låg inntekt.

Kva gjevast det stønad til:

Kontingentar, aktivitetar og utstyr til enkeltpersonar slik at barn og unge i familiar med låg inntekt kan delta på organiserte fritidsaktivitetar.

Kor mykje:

Inntil kroner 3.000,- i tilskot pr. person pr. år som ein eingongsstønad. I særskilte tilfelle kan det gjevast ytterlegare stønad til t.d. deltaking i lag turneringar, cupar og leirar.

Kven kan søke (på vegne av barnet):

Det er berre laget/organisasjonen (idrettslaget, korpset, koret, lokallaget etc.) som kan sende søknaden til kommunen etter vurdering av behov for søknad. Ressurspersonar som arbeider i kommunen, eksempelvis helsesjukepleiar, miljøterapeut, barnevernstenesta m.m. kan også søke. Barnet eller familien kan ikkje sjølv søke.

Krav til søkar:

Den som søker har ansvar for å fylgje opp at barnet/ungdomen deltar i aktiviteten det er søkt stønad til. Det betyr at den som søker skal hjelpe barnet til å hugse på/kome seg til aktiviteten i starten, ikkje at den vaksne må fylgje barnet på alle aktivitetane. Oppfylginga kan og vere å sjekke at kontingenten er betalt eller liknande.

Det er den som søker som må vurdere om familien er i ein slik situasjon at eit bidrag frå kontingentkassa vil vere avgjerande for om barnet kan delta på ein aktivitet eller ikkje.

(Kontingentkassa er ikkje meint å vere eit handslag til lag og organisasjonar som har trøbbel med å inndrive kontingent). Det er barnet sitt eller familien sin situasjon som er avgjerande.

Krav til søknaden:

Vedlagte søknadsskjema må nyttast. Ver nøye med å fylle ut heile søknadsskjemaet, og hugs å leggje ved eventuelle fakturaer, kvitteringar eller liknande, dersom det er mogleg.

Spørsmål om ordninga:

Ta kontakt med Hilde Martini Momrak på 95 27 09 05.

Fyresdal kommune
Avdeling kultur
Hilde Martini Momrak

Søknadsskjema for kontingentkassa

Gjeld søknad om tilskot til kontingent og/eller utstyr til barn og unge frå 6 år og ut vidaregåande skule. Det gis inntil **kr 3.000,-** i tilskot per person per år. Den som søker **vrderer** om familien er i en slik situasjon at dei ikkje kan dekke dette sjølv. Søker fyller ut søknaden og signerer.

Kven søker (instans) Tlf.:.....
Kven fylgjer opp tiltaket: Tlf.:
E-post:.....
Barnets/ungdommens namn:..... Alder:.....
Adresse:.....
Namn føresette:..... Tlf.:.....
Adresse (føresette):.....
Kva søkast det til?.....
Kontingent/aktivitet: kr..... Innkjøp av utstyr: kr.....

Kvittering eller dokumentasjon skal helst leggjast ved.

Dersom fakturaen allereie er betalt av barnets føresette (og denne skal ha refusjon for betalt faktura), må bankutskrift/kvittering som dokumenterer dette leggast ved søknaden.

Namn på kontoinnehavar:.....

Kontonummer:..... Fødsels- og personnummer:.....

NB. For å få utbetalt tilskotet til en privatperson, må vi ha fullt fødsels- og personnummer, 11 siffer.

Eg stadfestar å ha lest informasjonsbrevet som fylgjer søknadsskjemaet

Søkars underskrift.....Dato:.....

NB: Føresette skal vere informert om søknaden.

Søknaden sendast til postmottak@fyresdal.kommune.no, eller Fyresdal kommune, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal.

Vi gjer merksam på at svarbrevet sendast direkte til organisasjonen via Altinn.

Spørsmål kan rettast til avdelingsleiar kultur, Hilde Martini Momrak, på hilde.momrak@fyresdal.kommune.no eller 95 27 09 05.

Informasjon frå helse og omsorg

Psykisk helse og rus

Målet med tenestene er å bidra til å fremme sjølvstende og styrke evna til å meistre eige liv, samt å bidra til å bryte/motverke isolasjon og inaktivitet. Tilboda gjeld deg som har psykiske vanskar eller lidingar, og/eller rusrelaterte vanskar. Pårørande til personar med psykiske lidingar og/eller rusrelaterte vanskar kan og få tilbod om støttesamtaler.

Slik kjem du i kontakt med kommunens psykisk helse-teneste:

- Send søknad om pleie- og omsorgstenester via kommunens heimeside.
- Be lege eller spesialisthelsetenesta (t.d. sjukehus eller psykolog) om å formidle kontakt for deg.
- Ring direkte til vakttelefon psykisk helse og rus, mobilnummer **97 56 15 74**. Telefonen er bemanna kvardagar måndag-fredag kl. 08.00-15.00. Ved akutt behov for hjelp på kveld, helg og høgtid må legevakt kontaktast på telefon 116 117.

Kva skjer vidare?

- Etter oppmodinga blir det gjort ei vurdering, vanlegvis ei samtale med kartlegging, deretter vert ein einige om eventuelle tiltak.

Tenesta omfattar mellom anna:

- Støttesamtaler, rettleiing og oppfølging i forhold til eigen livssituasjon.
- Heimebesøk/miljøarbeid.
- Samarbeid med andre aktuelle instansar som t.d. fastlege, Nav, Kvito og spesialisthelsetenesta.
- Rettleiing og tilrettelegging rundt busituasjonen.
- Støtte og hjelp i forhold til arbeid og daglege aktivitetar.
- Aktivitet i grupper kan bli aktuelt ut i frå behovet i brukargruppa.

Desse tilboda er vedtaksbasera. Dette tyder at du må søke om teneste. Tilbod blir så langt som råd tilrettelagt etter brukarane sine ynskje om aktivitetar innanfor dei rammene vi har. Tenesta er gratis.

Lågterskeltilbod (tilbod som er ope for alle, og der det ikkje er behov for vedtak):

Måndagskafé på frivilligsentralen:

Kaféen er open kvar måndag kl. 10.00-14.00. Her møtast vi for ein hyggeleg prat. Vi fokuserer på trivsel, livskvalitet, samvær og meistring. Velkomen!

Omsyn ved besøk til POS

Vi minner om oppmodinga om å vere heime dersom du er sjuk: Ver venleg å berre kom på besøk på POS dersom du er frisk.

Vi minner også om at besøkande til POS skal bruke ringeklokka: Ring på og vent til personale kjem og tar deg imot.

Dagaktivitetstilbud på POS

Fyresdal pleie- og omsorgssenter har dagaktivitetstilbud for:

- Heimebuande personar med demens. Måndagar og onsdagar kl. 10-14. Tilbodet er gratis. Søkar må ha ei diagnose eller vere under utredning.
- Heimebuande eldre med nedsett funksjonsnivå. Tysdagar og fredagar kl. 10-14. Transport med fleksiruta til og frå pleie- og omsorgssenteret. Eigenandel på kr 105,-.

Dagaktivitetstilbodet som tilbydast skal bidra til å vareta deltakaranes funksjonar i dagleglivet, fremje livskvalitet og førebygge/reducere isolasjon og einsemd. I tillegg vil dagaktivitetstilbodet kunne innebere avlastning og støtte til pårørande.

Aktivitets- og kulturarbeidaren vil legge opp program som inneheld sosiale, kognitive og fysisk stimulerande aktivitetar. Både generelle og individuelle aktivitetar tilpassa.

Søknad om dagaktivitetstilbud skal gå til tenestekontoret.

Ta kontakt med Siv S. Seltveit på 35 06 71 65.

Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga

- **Måndagsgruppa/herretrim:** Måndagar kl. 13.15 på fysioterapiavdelinga. Styrke, stabilitet, balanse og kondisjonstrening. 45 min leia av fysioterapeut. Treninga er gratis og open for alle. Treng ikkje påmelding.
- **Tysdagsgruppa/dametrim.** Tysdagar kl. 13.15 på fysioterapiavdelinga. Styrke, stabilitet, balanse og kondisjonstrening. 45 min leia av fysioterapeut. Treninga er gratis og open for alle. Treng ikkje påmelding.
- **Barsel-/gravid-trening:** Fredagar kl. 12.00. Fokus på kjernemuskulatur og bekkenbunn, men også styrke, stabilitet og balanse. Hyggeleg og nyttig aktivitet for mor og barn og den gravide. Individuell tilpassing og vurdering. Påmelding på telefon 95 21 79 71.

Har du spørsmål, er det berre å ringe oss! Velkomen på trening!

Helsing fysioterapeutane

RPH – Rask Psykisk Helsehjelp

Rask psykisk helsehjelp er eit tverrfaglig samansett team i Vest-Telemark med brei og god kompetanse. Alle har lang erfaring med å jobbe med psykiske helseutfordringar i kommune- og spesialisthelsetenesta. Alle tilsette har vidareutdanning i psykisk helse/rus og kognitiv terapi.

Er kvardagen krevjande? Strever du med tunge og triste tankar? Føler du deg nedstemt? Står du i ei livskrise? Opplever du at stress, uro, søvnevanskar og bekymringar overvelder deg eller gjer det vanskeleg å fungere? Hos oss kan du få hjelp utan lang ventetid, slik at problema ikkje utviklar seg.

Ta kontakt:


Telefon/sms: 90 67 01 30 (telefontid tysdag-torsdag kl. 12.00-14.00)

E-post: rph@vest-telemark.no (ikkje skriv sensitiv informasjon i e-post)

Lokalbutikkar på besøk på POS

Tysdag 29. oktober klokka 10.30 får POS besøk av lokalbutikkane Fyresdal Manufaktur og Oleas Hus. Dei vil selge klede til haust og vinter, samt litt andre spennande saker.

Temakveld om demens



Vi inviterer til temakveld for pårørande til personar med demens, naboar, venner, bekjente av personar med demens, helsepersonell, butikkmedarbeidarar og andre som er interesserte i høyre litt meir om demenssjukdom, åfterd, pårørande-roller og sorg/ventesorg. Velkomne!

Foredragshaldarar: Monica Halvorsen, Eilev Erikstein og Marte M. Dybdal.

Kake og kaffi/te.

Temakveld demens

Onsdag 20.11.2024

KL. 17.00-20.00

Betel, Fyresdal

Påmelding innan 10.11.2024 på 35 06 71 52 (dagtid)

